



Sigrid på heimebane med ein monotypi frå Ljosnes

**Sigrid Øyrehagen, anerkjent kunstnar frå Uskedalen, opnar eit nytt år med ein utstilling som visar ei ny side ved hennar virke. Det er første gong ho har ein utstilling med hovudvekt på oljemaleri og den vert presentert i nærleiken av Drammen der ho bur. Staden er Gulden Kunstverk og opninga skjer laurdag. Tom Gundersen har separatutstilling samstundes.**

Ved sida av arbeidet sitt med collage og monotypi har Sigrid i fleire år søkt å erobre måleriet som medium, heiter det i ei pressemelding.

Ho nyttar små formater og arbeidar stoffleg med pastos måling, ofte med sterke fargar og klåre lysverknadar. Sigrid nyttar farge og valør som stemningsskapande reidskap for å gje att ei historie. Motiva vekslar mellom interiørar, landskap og oppstillingar.

Bileta er ein hyllest til livet og kan vera både vare og dramatiske. Dei kan verka harmoniske, men kan likevel innehalda element av noko mystisk og foruroligande, står det å lesa i ei førehandsomtale.

Sigrid (56) som budde på Døsslandsido til ho var 16, hadde utstilling på Husnes i fjor vinter. Ho er framleis sterkt knytt til Uskedalen og Kvinnherad og har produsert mange Uskedalsmotiv.

Sigrid har vore svært produktiv, til dømes inneheld lista over separatutstillingar rundt 30 stoppestader og ho har delteke i mange kollektivutstillingar. Atelieret sitt har ho i Tøyen Kulturhus i Oslo der ho

er i eit myldrande og inspirerande kunstnarmiljø

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Eit av måleria Sigrid skal stilla ut frå laurdag